

## Møte i Gulen kommunestyre

### Møte i Gulasalen på kommunehuset torsdag 13.03.2008 kl. 12.00

Møtet startar med informasjon og opplæring.  
Inkluderande arbeidsliv (IA), landbrukspolitikk,  
Gulatinget og byggesaksbehandling er hovudtema.

#### SAKER:

- 04/08 SKRIV OG MELDINGAR
- 05/08 ÅRSMELDING 2007 FRÅ  
KONTROLLUTVALET I GULEN
- 06/08 REGLEMENT FOR GULEN KOMMUNESTYRE
- 07/08 REGLEMENT FOR GULEN FORMANNSKAP
- 08/08 REGLEMENT FOR HOVUDUTVALA
- 09/08 REGLEMENT FOR  
ADMINISTRASJONSUTVALET
- 10/08 REGISTRERING AV STYREVERV
- 11/08 LØYVE TIL SAL AV ØL/RUSBRUS 2008-2011
- 12/08 ØKONOMISK STATUS PR 01.03.08 M/ REG. AV  
DRIFTSBUDSJETTET NR. 1/08 – YMSE  
TENESTER
- 13/08 REGULERINGSPLAN GNR. 129, BNR 19  
BREKKESTRANDA PARK – GODKJENNING
- 14/08 REGULERINGSPLAN FOR GNR. 62, BNR 36  
HOVDEN II – GODKJENNING
- 15/08 SØKNAD OM OVERTAKING AV ÅNNELAND  
VASSVERK

Endeleg sakliste og sakstiltfang ligg til gjennomsyn  
hå ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset og på  
internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) om lag ei veke før  
møtet. Møte er ope for publikum. Alle er velkomne.

Eivindvik 27.02.08

Trude Brosvik  
Ordfører

## Arbeidet med Kommuneplanen

Det nye kommunestyret har godkjent samfunnsdelen  
og handlingsplan 2008 - 2011. Du kan finne desse på  
kommunen si heimeside: *Skjema og dokument -  
kommuneplan.*

No er arbeid med revisjon av arealdelen i gang.  
Formannskapet er styringsgruppe. Framlegg vil verte  
lagt ut på høyring i vår, datoar er ikkje endeleg  
avgjort. Det er teke sikte på at vedtak skal gjerast i  
juni.

E-postadressa [kommuneplan@gulen.kommune.no](mailto:kommuneplan@gulen.kommune.no) vil  
vere open for kommentarar og spørsmål heilt fram til  
arealdelen er vedteken.

## Ny rådmann

Martin W. Kulild er tilsett som rådmann i Gulen  
kommune frå 14. mars. Harald Haugejorden, som har  
vore tilsett i eit tidsavgrensa engasjement som  
rådmann frå hausten 2006, går frå same dato attende  
til stillinga som assisterande rådmann.

## Breiband

Gulen kommune har avtale med Eninvest AS om  
etablering av breiband i kommunen. Siste info frå  
selskapet går ut på at Ånneland sentral skal vere  
ferdig utbygd 7. mars, Oppdalsøyra om lag 1. april,  
Verkland om lag på same tid, Instefjord/Asheim 4.  
april.

Folk i Gulen som ynskjer breiband, men som bur for  
langt frå telesentral til å få tilbod om breiband via slik  
sentral, bør kontakte Eninvest for å få tilbod på anna  
måte. Det er viktig at behov vert meldt inn, slik at  
Eninvest får eit best mogleg oversyn over kvar dei må  
byggje ut.

Gå inn på [www.eninvest.no](http://www.eninvest.no), send e-post til  
[kundeservice@eninvest.no](mailto:kundeservice@eninvest.no) eller ring 57 00 91 00.

## 14 nye bedrifter i Dalsøyra skulekrins

Ungdomsskuleelevane ved Dalsøyra skule har etter  
nyttår arbeid med eit prosjekt som har som mål å  
lære å starte og drive ei bedrift. Elevbedrifter er både  
eit nasjonalt og kommunalt satsingsfelt. Det har vist  
seg at elevar med slik erfaring har lettare for å  
etablere bedrifter seinare i livet.

Det er stor bredde i produkta og tenestene som  
elevane skal selje. Du finn meir om dette på  
heimesida til Dalsøyra skule. [www.dalsoyra.skule.no](http://www.dalsoyra.skule.no)  
Ta kontakt med bedriftene dersom du finn produkta  
og tenestene interessante.



Kim, Erlend og Nicolai  
produserer og sel trebenkar.

<b>Gledeleg melding!</b>	<b>Ledige stillinger</b>	<b>Kva skjer i Gulen ?</b>
Side 3	Side 4	Siste side

## Barnehage, SFO og Musikk- og kulturskolen frå hausten 2008

Gulen kommune har barnehagetilbod på følgjande stadar: Brekke, Byrknes, Dalsøyra/Eidsbotn, Eivindvik/Haveland

Private barnehagar:  
Lovisendal barnehage i Brekke og Sande barnehage på Ånneland

Frå 15. august er det ledige plassar ved alle avdelingane.

Alle skulane (Brekke, Byrknes, Dalsøyra, Eivindvik) har tilbod om SFO.

Musikk- og kulturskolen gir tilbod i alle skulekrinsane.

### Praktiske opplysningar om søknad og prisar:

Barnehage: Dei som har plass, treng ikkje søkje på nytt dersom de ynskjer same tilbod som i dag. Dersom de vil ha utvida plass, endring av dagar osv, må det sendast ny søknad.

NB! Det er meldt inn ynskje om å utvide frå 3 til 4 dagar ved Eivindvik barnehage si korttidsavdeling på Haveland. Dei som ynskjer slik utviding, må sende søknad. Når vi har fått oversikt over det reelle behovet, kan sak om utviding verte lagt fram.

Søknad om plass i barnehage skal sendast Gulen kommune, 5966 Eivindvik. Dette gjeld også om du søker plass i ein privat barnehage.

Det må søkjast på nytt om plass i SFO og musikkskule.

Søknad om plass i SFO skal sendast til den skulen der du ynskjer plass.

Søknad om plass i musikk- og kulturskolen skal sendast Gulen musikkskule, 5961 Brekke.

Søknadsskjema og fleire opplysningar får du ved å kontakte kvar skule/ barnehage, eller Gulen kommune tlf. 57 78 20 00. Søknadsskjema er også lagt ut på heimesida til Gulen kommune, under menyvalet *skjema og dokument*.



### Takstar, foreldrebetaling pr. måned:

Barnehage:	5 dagar pr. veke	Kr. 2.330
	4 dagar pr. veke	Kr. 2.000
	3 dagar pr. veke	Kr. 1.400
	2 dagar pr. veke	Kr. 930

Søskenmoderasjon: 30 % for barn nr. 2, 70 % for barn nr. 3

SFO	Heil plass	Kr. 1.500
	Halv plass	Kr. 750
	(2,5 - 8 timar pr. veke)	
	2 t/veke	Kr. 380

Moderasjonsordning som barnehagen, ved heil plass.

Musikk – kulturskolen: Kr. 2.040 pr. år.

### Søknadsfrist for alle tilboda: 1. april.



## Skule- og Barnehagerute 2008/2009.

Hovudutval for undervisning har fastsett ferie- og fridagar for skulen, og planleggingsdagar for barnehagane for neste skuleår. Vedtaket er som følgjer:

### Grunnskulen:

#### AUGUST

Første skuledag: Måndag 18.

#### OKTOBER

Hautferie måndag 6. til fredag 10. (v. 41)

#### DESEMBER

Siste skuledag før jul: fredag 19.

#### JANUAR

Første skuledag: måndag 5.

#### FEBRUAR

Vinterferie måndag 23. – fredag 27. (veke 9)

#### APRIL

Siste skuledag før påske: fredag 3.

Første skuledag etter påske: tysdag 14.

#### MAI

Elevfri dag: fredag 22.

#### JUNI

Siste skuledag: fredag 19.

### Planleggingsdagar i barnehagane


Torsdag 14. august

Man/tirs. 6. og 7. oktober

Fred 2. januar

Fred. 22. mai

Byrknes barnehage og skule får følgje skuleruta til Austrheim vid.g. skule, som ei prøveordning.



## Etableringstilskot

I budsjettet for 2008 er det sett av ei ramme på kr 200 000 til å gjeninnføre ordninga med etableringstilskot til unge gulingar som skaffar seg eigen bustad. Formannskapet har no vedteke slike retningslinjer for ordninga, som gjeld frå 01.01.08:

1. Det kan etter søknad gjevast etableringstilskot til bygging av nye bustader i Gulen kommune eller til kjøp og/eller restaurering av eldre bygningar.
2. For å få tilskot må søkjaren vere under 45 år den dagen mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Etableringstilskotet skal ikkje utgjere meir enn 10 % av byggekostnadane, og ikkje meir enn kr 40 000, som er øvre grense for tilskotet. Tilskotssatsane kan endrast av kommunestyret. Ved endringar i tilskotssatsane er det utbetalingstidspunktet og ikkje tilsegnstidspunktet som er avgjerande for utmålinga av tilskotet.
4. Søknad om etableringstilskot må vere sendt frå søkjar til kommunen før innflytting.
5. Det er eit krav for utbetaling av etableringstilskot at:
  - søkjaren eig huset (grunnboksheimel e.l.), og at
  - han har fast bopel i det (attest frå folkeregisteret).Formannskapet kan i særskilte høve fråvike desse vilkåra.
6. Ved sal og/eller utflytting av bustaden før 5 år, kan kommunen krevje å få attendebetal tilskotet i høve til den tida som er gått etter innflytting.
7. Administrasjonen får fullmakt til å avgjere innkomne søknader. Formannskapet fungerer som klageorgan.
8. Godkjent etableringstilskot vert utbetalt når ferdigattest/mellombels bruksløyve ligg føre, ev. når restaureringskostnadene er dokumentert.
9. Det vert teke generelt atterhald om endringar i reglementet.
10. Det vert gitt kr 20 000 i ekstra tilskot til dei som byggjer utleigeining til fast busetnad.

## Gledeleg melding til lag og organisasjonar!

Gulen kommune har for 2008 løyvd **kr. 110 000,-** til kultur!

Søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside

**N.B. Søknadsfristen er utsett til 25. mars**

Kontakt **Kulturkonsulent** dersom du har spørsmål, enten på tlf: 57 78 20 06 eller på e-post:

[anne-karin.misje@gulen.kommune.no](mailto:anne-karin.misje@gulen.kommune.no)



## Til foreldre og omsorgspersonar i Gulen

### YNSKJER DU Å FÅ EIT ENDÅ BETRE FORHOLD TIL BARNET DITT?

- Nysgjerrig på korleis du kan få eit endå betre samspel med barnet ditt?
- Interessert i korleis du kan støtte og hjelpe barnet ditt til ei best mogleg utvikling?
- Vil du vite korleis andre foreldre løyser vanlege utfordringar?

Bli med i gruppe for foreldre / omsorgspersonar!

I løpet av 2008, vil ei førebyggjande gruppe i Gulen kommune tilby rettleiing for omsorgspersonar med barn i alderen 0-18 år.

- Interessert?
- Ta kontakt med Gulen helsestasjon tlf. 57783808/57783830

Vil du vite meir? Sjå

[www.bufetat.no/foreldreveiledning](http://www.bufetat.no/foreldreveiledning)

## ”Landbrukshjørnet”

### Tid for søknad om spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)



Gulen har eit flott kulturlandskap og mange særmerkte kulturminne som det er viktig å halde vedlike. SMIL-ordninga har som føremål å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i Gulen, og gjer det lettare å få gjennomført denne typen arbeid. Beiterydding og restaurering av gamle bygg som stølshus og murar er døme på dette. SMIL-midlane kan også nyttast til prosjekt som reduserer ureininga.

Alle som eig landbrukseigedom, eller som er registret i Enhetsregisteret og har fått løyve frå eigaren av landbrukseigedom, har høve til å søkje på SMIL-midlane. Prosjekt knytta til næringsdrift vert prioritert.

Gulen kommune har no fått tildelt midlar frå fylket for 2008. Totalt kan me fordele kr 321 000,-. 70 % av denne summen kan løyvast etter 1. søknadsomgang.

**Søknadsfristen er 15. april og 20. september.**

Ta kontakt med landbrukskontoret (v/Håvard Tveit) for meir informasjon.

## Jakta 2007

No er fellingsresultata frå hjortejakta klare.

Det vart ny fellingsrekord med 466 felte dyr, 90% av tildelte dyr.

Vi hadde 46 ordinære vald og 3 storvald med bestands- og avskytingsplan.



Felte dyr	Kalv	1 ½ år	2 ½ år	I alt
Hannedyr	44	84	94	222
Hodyr	50	81	113	244
I alt	94	165	207	466

For meir informasjon om fellingsresultatet sjå [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) og [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no)

## Ledige stillingar i Gulen kommune

### Gulen sjukeheim.

- 100% vikariat for avd.sjukepleier på langtidsavd. frå 01.05.08 til 01.08.09.
- 2 stk. 100% faste stillingar for sjukepleier frå snarast. Arbeid 3. kvar helg. Om ynskjeleg kan redusert stilling vurderast. Løn etter avtale.
- 100% fast stilling for sjukepleier/hjelpepleier/omsorgsarbeider frå snarast. Arbeid 3. kvar helg. Om ynskjeleg kan redusert stilling vurderast. Løn etter avtale.
- 13% og 19% faste helgestillingar ledig frå snarast for sjukepleiar/hjelpepleiar/omsorgsarbeidar. Andre kan og søke. Arbeid 2. eller 3. kvar helg. Løn etter avtale.
- Tilkallingsvikarar frå snarast. Løn etter avtale.

Nærare opplysningar ved leiar K. Vigdal, tlf 57 78 16 01.

### Ferievikarar sommaren 2008.

Vi treng ferievikarar sommaren 2008 på

- Gulen sjukeheim, kontaktperson tlf. 57 78 16 00
- Byrknes bu- og omsorgssenter, kontaktperson tlf. 57 78 21 01
- Dalsøyra bu- og omsorgssenter, kontaktperson tlf. 57 78 31 84
- Brekke bu- og omsorgssenter, kontaktperson tlf. 57 78 56 67
- Eivindvik bu- og omsorgssenter, kontaktperson tlf. 97 58 76 13

## Hjortejakta – fristar



### 1. APRIL

- Frist for valdansvarleg til skriftleg å melde frå til den kommunale viltforvaltninga om endringar i valdet siste år vedkommande valdgrensar, eigedomstilhøve m.v.

### 1.MAI

- Forslag om endringar av minsteareal skal fremjast innan 1.april

### 15. MAI

- Frist for grunneigarar for innsending av søknad om godkjenning av nytt hjortevald i kommunen. (Søknadsskjema og kart kan ein få hjå viltansvarleg på kommunen)
- Frist for valdansvarleg til å søkje om ekstra fellingsløyve, om ein meiner det er grunnlag for tildeling av fleire løyver enn det som vart gjeve i jaktseongen 2007

- Verna Bustad, Dalsøyra, kontaktperson tlf. 57 78 32 88/ 48 00 11 26.
- Barnehagane i kommunen, kontaktperson styrar/rektor.
- Drift- og vedlikehaldsavd.(vaktmesterass. og slått), kontaktperson tlf. 57 78 20 30.

Vi treng:

- sjukepleiarar/-studentar
- hjelpepleiarar/-studentar
- omsorgsarbeidarar
- vernepleiarar/-studentar
- miljøarbeidarar
- kokk/annan kokekyndig person
- assistentar til kjøken og vaskeri
- assistentar til service, pleie/omsorg, reinhald, barnehage og vaktmeisterass./slått.

Søkjarar må oppgje ynskt arbeidsstad, i prioritert rekkefylgje dersom ein søker fleire stader, kva arbeid du ynskjer, tidsrommet du kan arbeide og oversyn over utdanning og praksis. Kommunen kan hjelpe til med rimelege husvære.

***Du er velkommen som sommarvikar i Gulen kommune!***

Tilsetjing etter gjeldande lover, føresegner og avtalar. Søknad med CV vert å sende til Gulen kommune, 5966 Eivindvik **innan 15.03.08.**

## Vitjing i Det Kongelige bibliotek i København

Laurdag 16. februar var prosjektleiar for Gulatinget, Anne-K. Misje, og ein delegasjon frå Sogn og Fjordane, i Det Kongelige Bibliotek i København for å sjå Gulatingslova i original. Den er bevart i den såkalla "Rantzauboka", som ligg i Handskriftsavdelinga ved biblioteket.



Det var svært spesielt å få sjå sjølve lovboka, og gruppa var prega av høgtid og genuin interesse. Boka hadde vore i privat eige hjå familien Rantzau inn til den vart donert til biblioteket på 1700 talet.

Gulatingslova er den eldste bevarte lovsamlinga i Norden, og er tydeleg inspirert av engelsk tradisjon. Kwart avsnitt i Rantzauboka innleiar med ein stor bokstav som er vanlig i eldre handskrifter. Denne er gjerne rikt dekorert med fargar, ornamentering og illustrasjonar. I Gulatingslova vekslar desse kapitelerte forbokstavane mellom raudt og grønt.

- Det at ein har innslag av grønt tyder på at den som har skrive boka var influert av engelsk tradisjon, kunne Erik Petersen som er forskar på Handskriftsavdelinga fortelje. Han er den som daglig tek hand om Rantzauboka.

Misje ynskjer på sikt å få Rantzauboka til Noreg dersom dette er mogeleg.

- Lovene den inneheld vart laga i Gulen, og eit nytt formidlingssenter på Tusenårsstaden burde kunne ta vare på denne i framtida, meiner prosjektleiaren.

Delegasjonen besto for utan Misje, av Siri Ingvaldsen, lektor v/UWC. Ingvaldsen er tilsett for å etablere ein database om Gulatinget, samt å utvikle eit undervisningsopplegg for ungdomskule, vidaregåande og Internasjonal Baccalaureate (IB). Dette er eit av tiltaka som er sett i gong i regi av prosjektet knytt til Tusenårsstaden Gulatinget, som lekk i utviklinga

av eit pedagogisk formidlingssystem retta mot skuleverket. I tillegg deltok Magne Bjergene som er prosjektansvarleg for etableringa av eit Nordisk/Nord Europeisk Tingstadnettverk på oppdrag for Gulatinget.

Vitjinga ved Det Kongelige Bibliotek var avslutninga på ei veke der prosjektleiinga knytt til Gulatinget hadde møter med Grønlands ministerium i samband med etableringa av eit Tingstadnettverk i Norden. Gruppa hadde også møte med Nordisk Kulturfond, og deltok ved NORA (North Atlantic Cooperation) sin konferanse om cruiseferd i Nord Atlanteren. Sistnemnte i samband med utvikling av felles reiselivssatsing knytt til Tingstadane rundt Nordsjøbassenget. Dette samarbeidet er initiert av Stiftinga Jensbua og har motteke kr. 200 000,- i støtte frå NORA.



Frå venstre:

*Siri Ingvaldsen* - jobbar med å lage ein database om Gulatinget til bruk i pedagogisk samanheng  
*Lone Ømann* - vår kontaktperson ved kgl. bibliotek  
*Magne Bjergene* - leiar for Haugland FOU  
*Erik Petersen* - forskar på Handskriftsavdelinga v/det Kongelige biblioteket i København.



*Rantzauboka* – originalutgåva av Gulatingslova.

## Dette skjer i Gulen

### Temakveld på Bålen Samfunnshus

Torsdag 6. mars kl. 19.45

#### **FINST DET ENGLAR?**

Sokneprest, Jens Linde, innleiar til samtale.

Matsservering

Arr.: Gudstenesteutvalet i Brekke



### På Dalsøyra Samfunnshus:

#### **Fredag 14.3.**

Musikk/Rock konsert kl. 18.15-20.00

Rusfritt diskotek frå 7. klasse til under 18 år  
kl. 20.00-23.00.

Bill. kr. 50,- Barn under 7. klasse kr. 30,-

Under 7 år gratis.

(Ferje til Sløvåg 17.45 og frå Sløvåg 23.30)

Arr. Elevbedrift AKT.

**Laurdag 15.3** kl. 21.30-01.30. Dans m/ Barbette.

Aldersgrense 18 år. PUB. Inngang: kr. 100,-

Arr. Nyborg skyttarlag



### Påskemarknad i Risnehallen på Brekke

Søndag 16. mars kl. 14.00. Korpset spelar!

Ulike lotteri, Kvitt eller dobbelt, Dart, Skyting,  
og Kafé. Bingo kl. 20.00. Møt opp og vinn!

Arr. Brekke Skulemusikkorps



### Basar på Tønnefloftet

20. mars (skjærtorsdag) Kl. 15.00.

Mange flotte gevinstar! Sal av kaffi, kaker og brus.

Velkommen til ein triveleg ettermiddag i Dingja.

Arr. Dingja Vel



### Bilførarkurs 65+.

Bilførarkurs 65+ vert arrangert av Gulen

Pensjonistlag for alle pensjonistar som vil friske opp  
kunnskapen som bilfører.

Stad: Kommunehuset i Eivindvik.

**Kurstid: Onsdag 2., 9. og 14. april kl 10:00**

Kursavgift: Ca kr. 600,-

**Påmelding: Innan 14. mars**

til Leif Nyhammer, tlf: 5778 4224

## Brukt sanitærutstyr!

### Hytteigarar/ andre -

Eivindvik Fjordhotell har i samband med oppussing  
av hotellrom ståande svært rimelege og godt  
brukande keramikkvaskar m/armatur, toalett og  
dusjkabinett.

Interesserte kan ta kontakt med

Laila Indrebø, Eivindvik Fjordhotell, tlf. 57784310

## Grendahuset Gulatun Oppdalsøyra



- Lokale sentralt i Gulen.
- Rimelege prisar.
- Nytt storkjøkken.
- Fin matsal og stor festsal.

Høver godt til:

- Små og store møter
- Åremålsdagar
- Barnedåp
- Konfirmasjon
- Bryllaup
- Minnestund



Kontaktperson: Oddbjørn Opdal  
Tlf.: 57783439  
Mob.: 91804578

## Eivindvik Husflid



Frå 3/1-08 har vi hatt opphørssal  
med 30 % rabatt på garn og andre  
sysaker. Dette kjem til å fortsetje fram til midt i mars,  
då det endå er mykje varer att.

Vi skal halde fram med formidlingssal. No held vi på  
å pusse opp, og reknar med å vere ferdige til midt i  
mars.

**Ny-opning: laurdag 15. mars kl. 10 – 16.**

Vi serverer kaffi med noko attåt. Dei varene som er  
att her då av garn og div. vert denne dagen sett ned  
til 1/2 pris. Tanken er å fortsetje med litt sysaker og  
labbegarn til hausten. Fram til palmehelga har vi  
ope som vanleg.

### Opningstider i påska:

17. – 19. mars: kl. 10 – 16

Påskeaftan: kl. 10 – 13

### Opningstider vidare:

**25/3 – 17/5:**

”Doktordagane”: kl. 10 – 16

Laurdagar: kl. 10 – 13

Stengt måndagar og onsdagar.

**19/5 – 31/8:**

Måndag – fredag: kl. 10 – 16

Laurdag: kl. 10 – 14

Velkomen innom!

Helsing Eivindvik Husflid

## Takk!

Dementavdelinga ved Gulen  
Sjukeheim, Diamanten, vil på  
denne måten takke alle som har  
gitt oss gåver og helsingar  
gjennom året som har gått.

Vi ynskjer samtidig alle eit godt Nytt År !



For pasientar og personalet på Diamanten,  
Oddny Trædal